**Vågsøy kommune**

# Møteprotokoll

# Oppvekst- og kulturutvalg

| | |
|---|---|
| **Møtested:** | Formannskapssalen 3. etg |
| **Møtedato:** | 08.03.2016 |
| **Tidspunkt:** | 08:30 - 11:30 |

**Til behandling:** **Saksliste nr. 012/16 - 024/16**

Medlemmer:
- SP - Olav Horn (Leder)
- AP - Terese Gjerde (Nestleder)
- FRP - Ronny Mobakken (Medlem)
- H - Linda Vika (Medlem)
- KRF - Dag Almenning (Medlem)

Varamedlemmer:
- TVLV - Even Halsør (Varamedlem)
- V - Torstein Hagen (Varamedlem)

Fra administrasjonen møtte:
- Kommunalsjef Ove Aksnes

Forfall:
- TVLV - Malene Lunde Sætren (Medlem)
- V - Daniel Gangeskar (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 5. Totalt frammøtte: 7

Måløy 08.03.2016

Olav Horn
Utvalsleiar

Dagny-Ann Gangeskar
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

| Sak nr. | Sakstittel | |
|---|---|---|
| 012/16 | Godkjenning av møteprotokoll | |
| 013/16 | Orienteringssaker 08.03.2016 | |
| 014/16 | Referatsaker | |
| 015/16 | Revidert delegasjons- og møtereglement | |
| 016/16 | Samordna framlegg til skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for 2016 - 2017. | |
| 017/16 | Vedtekter kommunale barnehagar 2016 | |
| 018/16 | Samarbeidsavtale mellom Vågsøy idrettsråd og Vågsøy kommune | |
| 019/16 | Søknad om skuleskyss skuleåret 2016-2017 | Unntatt offentlighet |
| 020/16 | Søknad om skuleskyss skuleåret 2016/17 | Unntatt offentlighet |
| 021/16 | Søknad som skuleskyss for skuleåret 2016/17 | Unntatt offentlighet |
| 022/16 | Søknad om skuleskyss resten av skuleåret 2015/16 og skuleåret 2016/17 | Unntatt offentlighet |
| 023/16 | Søknad om skuleskyss for skuleåret 2016/17 | Unntatt offentlighet |
| 024/16 | Søknad om skuleskyss for skuleåret 2016/17 og skuleåret 2017/18 | Unntatt offentlighet |

**Kl 09.00 – 09.35:** Informasjon om «Tidlig Innsats for Barn I Risiko» (TIBIR) v/Turid Vika Skram og Barbro Sævik Silden.

**Kl 09.50 – 10.20:** Informasjon om resultatleiing i barnehagane i Nordfjord v/Eli Stølan.

**Kl 10.25 – 10.40:** Informasjon om det nye biblioteket v/Odd Gunnar Myhre.

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utvalg m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 08.03.2016 | 012/16 |

| | | |
|---|---|---|
| **Endelig vedtak i:**<br>Oppvekst- og kulturutvalet | **Arkivsaknr.:**<br>**16/368** | **Saksansvarlig:**<br>**Dagny-Ann Gangeskar** |

# Godkjenning av møteprotokoll

## Rådmannens innstilling
Møteboken godkjennes som den foreligger.

## 08.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Ingen merknad.

## Votering
Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-012/16
## Vedtak:
Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll frå forrige møte er sendt ut tidlegare og ligg også i politikarportalen under «Mine referater»

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utvalg m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 08.03.2016 | 013/16 |

| **Endelig vedtak i:**<br>Oppvekst- og kulturutalet | **Arkivsaknr.:**<br>**15/1433** | **Saksansvarlig:**<br>**Dagny-Ann Gangeskar** |
|---|---|---|

# Orienteringssaker 08.03.2016

Leiaren orienterar:

## 08.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:

Neste møte skal etter møteplanen vere i juni, leiar foreslår at OK-utvalet tek ein ekstra møtedato 10.05.2016. Medlemmane er samd med leiar om å ha møte 10.05.2016 dersom det er saker som treng handsamast før juni.

## Votering

Ingen votering.

OK-013/16

## Vedtak:

Ingen vedtak.

**Skriv inn drøftinger her**

Tekst

**Vågsøy kommune**

**Sakspapir**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utvalg m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 08.03.2016 | 014/16 |

| **Endelig vedtak i:** Oppvekst- og kulturutvalet | **Arkivsaknr.:** **16/367** | **Saksansvarlig:** **Dagny-Ann Gangeskar** |
|---|---|---|

## Referatsaker

## Rådmannens innstilling
Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## 08.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Ref.sak nr 9, 10, 12 og 15:
Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre orienterte og svarte på spørsmål.

Ref.sak nr 16 og 21:
Kommunalsjef Ove Aksnes orienterte og svarte på spørsmål. Det vil komme som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Ref.sak nr 18:
Kommunalsjef Ove Aksnes orienterte og svarte på spørsmål.

Ref. sak nr 19:
Nestleiar Terese Gjerde orienterte frå gruppa sitt arbeid. Det vil komme som eiga sak seinare.

## Votering
Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-014/16
## Vedtak:
Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## Liste over dokumenter til orientering:

| Nr | Dok.ID | | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 16/1146 | I | 29.01.2016 | Utdanningsdirektoratet | Ny prosedyre: Styrerutdanningen 2016 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 2 | 16/829 | MB | 22.01.2016 | | Møtebok UR 20.01.2016 |
| 3 | 16/2356 | MB | 26.02.2016 | | Møtebok UR 24.02.2016 |
| 4 | 16/1393 | I | 03.02.2016 | Sogndal fotball | Søknad om deltagelse i kommuneprosjektet 2016 |
| 5 | 16/798 | I | 20.01.2016 | Norsk Friluftsliv | Friluftslivets ønskeliste for Norge i 2016 |
| 6 | 16/304 | I | 11.01.2016 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Invitasjon til studie- og inspirasjonstur til UKM-festivalen 24.06.2016 - 28.06.2016 |
| 7 | 16/609 | I | 15.01.2016 | Kartverket | Søk midlar frå Den norske UNESCO-kommisjonen - frist 01.02.2016 |
| 8 | 16/1072 | I | 28.01.2016 | Sogn og Fjordane Fylkeskommune | Informasjon nr. 2 om UKM-festivalen Sogn og Fjordane 2016 Førdehuset 2. - 3. april 2016 |
| 9 | 16/1449 | I | 04.02.2016 | Sogn og Fjordane Fylkeskommune | Vågsøy - utbetaling av spelemidlar |
| 10 | 16/1349 | I | 03.02.2016 | Visit Nordfjord AS | Nordfjord location for Farmengården 2016? |
| 11 | 16/1281 | I | 01.02.2016 | Utdanningsdirektoratet | Formgjeving blir kunst, design og arkitektur |
| 12 | 16/1977 | I | 17.02.2016 | FNF Sogn & Fjordane | Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Vågsøy kommune |
| 13 | 16/1968 | I | 16.02.2016 | Riksantikvaren | 10/02429-22 - Fritak for eiendomsskatt for bygninger med historisk verdi |
| 14 | 16/2006 | I | 17.02.2016 | Frivillighetssentralen | Årsmøtedokumenter 2016 |
| 15 | 16/1692 | I | 11.02.2016 | Eid kommune | Interkommunalt samarbeid - idrettsanlegg - Kommunane Eid og Vågsøy |
| 16 | 16/2207 | I | 09.02.2016 | Det kongelige kunnskapsdepartementet | Bekreftet mottatt høringssvar - Høring av endringer i barnehageloven |
| 17 | 16/2440 | X | 26.02.2016 | | Plan Trygghet, deltakelse og engasjement - regjeringens arbeid for barn og ungdom |
| 18 | 16/2618 | X | 29.02.2016 | | Vidare utgreiing av modellar for grunnleggjande norskopplæring i Vågsøy |
| 19 | 16/2620 | X | 29.02.2016 | | Klatrepark - Innspel frå arbeidsgruppa |
| 20 | 16/2629 | I | 29.02.2016 | Utdanningsdirektoratet | Høringer - endringer i forskrift til friskoleloven - frist 20.05.2016 |
| 21 | 16/2206 | I | 18.01.2016 | Det kongelige kunnskapsdepartementet | Høring om kortere ventetid på barnehageplass - frist 26.02.2016 |

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Helse-og omsorgsutvalg | 08.03.2016 | 009/16 |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 08.03.2016 | 015/16 |
| Formannskap | 10.03.2016 | 033/16 |
| Kommunestyre | 07.04.2016 | |

| **Endeleg vedtak i:**<br>Kommunestyret | **Arkivsaknr.:**<br>**13/565** | **Saksansvarleg:**<br>**Knut Ove Leite** |
|---|---|---|

# Revidert delegasjons- og møtereglement

## Rådmannen si innstilling
Revidert delegasjons- og møtereglement vert godkjend slik dei ligg føre.

## 08.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Utvalet diskuterte reglementa og hadde ingen merknad.

## Votering
Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-015/16
## Vedtak:
Revidert delegasjons- og møtereglement vert godkjend slik dei ligg føre.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

<tekst>

## Bakgrunn for saka

Kommunestyret nedsette eit utval i møte 10.12.2015 med slik samasetting og mandat:

«Til å gjennomgå reglement for politisk styring og delegering vert oppnemnd:

1. Ordfører
2. Nils Myklebust

3. Elisabeth Elliott

Rådmannen stiller sekretær for arbeidet.»

## Saksopplysningar / fakta

Eksisterande reglement blei vedteke i kommunestyret 10.04.2014.

Nemnda har delt reglementa i 2 eit eige møtereglemet og eit delegasjonsreglement. Reglementa blir då kvar for seg kortare og enklare tilgjengeleg.

Endringar som blir foreslått er markert med raudt.

Saka blir handsama i hovudutvala før formannskapet gir si innstilling. Dette både for å opne for innspel, men også for å gjere endringane kjend.

Det har vore ein diskusjon kring utøving av delegert mynde. Administrasjonen gjorde i 2015 203 delegerte vedtak i open sone, primært etter alkohollova og plan- og bygningslova. I tillegg gjorde 694 vedtak i sikker sone (unnateke offentleg innsyn) i pleie og omsorg, 65 i barnevernet, 333 i Nav – kommune og 205 barnehage-/elevsaker.

I dei fleste av desse sakene er Fylkesmannen klageinstans. Det inneber at klagen vert handsama administrativt og oversendt Fylkesmannen til avgjerd om administrasjonen opprettheld vedtaket etter klage.

Dei seinare åra har det vore svært få klager. I open sone er det snakk om 5 klager der kommunen fekk medhald i 3 og ei sak vart omgjort etter klage frå 3. part. Ei 5. gav medhald utan at det fekk verknad for vedtaket.

I sikker sone har ein ikkje fullgod oversikt over talet på klager fordi administrativ leiing berre blir involvert når tenesteleiar finn det naudsynt. Rådmannen har for sin del vore involvert i 2 der kommunen fekk medhald i begge.

Pkt 3 i delegasjonsreglementet som omhandlar klagehandsaming er omskrive. Klager i open sone der fylkesmannen er klageinstans, skal drøftast med formannskapet før saka blir vurdert på nytt. Klager der formannskapet er klageinstans (den kommunale klagenemnda) blir handsama som før.

Det er i nemnda sitt arbeid med reglementet tatt opp om det skulle vere høve til å handsame lokalt klager på offentlege innkjøp. Dette er saker som dukkar opp der lokale leverandører meiner td at lokal tilknyting kunne vore sterkare vektlagt. Det er i dag for leverandør vanskeleg å påklage desse sakene utan å gå vegen via KOFA og rettsak med den økonomiske risiko som ligg i det.

Her har ein høve til å nytte kommunelova sin § 59 nr. 1 der 3 eller fleire kommunestyremed-lemmer kan bringe avgjerder (også administrative) inn for lovligheitskontroll. Slik kontroll kan imidlertid ikkje gjelde brot på bestemmelser gitt i eller i medhold av lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser ikke lenger kan gjøres til gjenstand for lovlighetskontroll.
Dette inneber ikkje at kommunale avgjerder om offentlige anskaffelser er unnateke lovlighetskontroll fullt ut. Det vil fortsatt være adgang til å kontrollere om det eventuelt foreligg brot på andre offentligrettslige reglar, for eksempel om det har skjedd brot på forvaltningslova eller kommunelova sine reglar i forbindelse med kommunen si håndtering av anskaffelsen. Det er kun spørsmål om det foreligg brot på anskaffelsesregelverket som ikkje lenger kan gjerast til gjenstand for kontroll etter § 59 nr. 1.

Klager er må såleis takast opp politisk, part har ikkje klageadgang.

Kommunelova § 59, nr. 1 starter slik: «1. Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen bringe avgjørelser truffet av folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjørelsens lovlighet.»

## Vurdering / konsekvensar

Det vert vist til det som er sagt over og vedlegga der endringane kjem fram.

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 185109 | Delegasjonsreglement for Vågsøy kommune - Utkast.docx |
| 185110 | Møtereglement.docx |
| 186450 | Innspel og forsalg til Reglement for politisk styring |
| 186449 | Følgeskriv |

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 5 | I | 20.01.2014 | Vågsøy SV v/Herdis Holvik | Diskusjonsnotat - Delegasjonsreglementet |
| 10 | U | 17.09.2014 | Åsta Hamre | Kommunale fullmakter som Leiar Nav Vågsøy. |
| 13 | U | 03.07.2015 | Lensmannen i Vågsøy | Delegert ansvar i forurensingssaker. |
| 16 | I | 07.03.2016 | Partiet raudt v/Geir Oldeide | Innspel og forsalg til Reglement for politisk styring |

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 08.03.2016 | 016/16 |

| **Endeleg vedtak i:**<br>Oppvekt og Kulturutvalet. | **Arkivsaknr.:**<br>**16/306** | **Saksansvarleg:**<br>**Ove Steinar Aksnes** |
|---|---|---|

# Samordna framlegg til skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for 2016 - 2017.

## Rådmannen si innstilling

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner Samordna framlegg til skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for 2016 – 2017.

## 08.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

## Møtebehandling:

Ingen merknad.

## Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-016/16

## Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner Samordna framlegg til skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for 2016 – 2017.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Opplæringslova med forskrifter

## Bakgrunn for saka

Samordna framlegg til skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for 2016 – 2017. Vedtatt i Skule og barnehageutvalet 25. juni 2015

I opplæringslova § 2.-2 **Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid** heiter det:

« Departementet gir forskrifter om samla tid til opplæring i grunnskolen. Opplæringa skal strekke seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

Kommunen gir forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale prøver.»

## Saksopplysningar / fakta

Det ligg føre eit samordna framlegg til skulerute for skuleåret 2016-17, utarbeidd 25.06.2015 av fylkeskommunen og Skule- og barnehageutvalget som representerte kommunane i fylket .
Grunna skyssproblematikken er det naudsynt at det blir lagt opp til ei felles skulerute.
I skyssreglement for grunnskulen i Sogn og Fjordane står at kommunane har plikt til å samarbeide om skyssen. Kommunar som ynskjer å endre på dette, må sjølve bere kostnadane med ekstra skyssutgifter
Dette framlegget vart sendt ut til skulane i slutten av juni 2015. Det er på nytt sendt ut 18.02.2016 med frist for uttale 22.02.2016. Det kom ikkje inn merknader

## Vurdering / konsekvensar

Ein følger oppsett skulerute for skuleåret 2016 – 2017.

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 185149 | Skuleruta SFj 2016 - 2017 vedtak 25 juni 2015.docx |

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 08.03.2016 | 017/16 |

| | | |
|---|---|---|
| **Endeleg vedtak i:**<br>Oppvekst- og kulturutval | **Arkivsaknr.:**<br>**14/129** | **Saksansvarleg:**<br>**Line Hodnefjell** |

## Vedtekter kommunale barnehagar 2016

## Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane i tråd med vedlagde dokument.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om barnehagar LOV-2005-06-17-64 § 7.

## Bakgrunn for saka

Vedtektene til barnehagane er tidlegare godkjent i oppvekst- og kulturutvalet, sak 003/14.

Dei vert no lagt fram for revidering for å tilpassast dagens situasjon og i høve nye reglar for opptak, rett til barnehageplass og foreldrebetaling.

## Saksopplysningar / fakta

Endringane i vedtektene er i høve til:

- **OPPTAK**

<u>Vedtektene slik dei er i dag:</u>

OPPTAK
Det er hovudopptak av barn 1 gong i året. Søknadsfrist: 15. mars (sjå annonse i lokalavisa).
I tillegg vert det gjort fortløpande opptak gjennom året. Opptaka er samordna mellom barnehagane i kommunen, jf. Lov om barnehagar § 12 og forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Det er styrarane i dei einskilde barnehagane som står for opptaket.

Opptakskrins: Vågsøy kommune.

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass for, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august same år (barnehagelova § 12a).

***<u>Vedtektene etter endring:</u>***

*OPPTAK*

*Opptaka er samordna mellom barnehagane i kommunen jf. Lov om barnehagar § 12 og forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Det er styrarane i dei einskilde barnehagane som står for opptaket.*
*Tal opptak per år jamfør forskrift om saksbehandlingsreglar*
*ved opptak i barnehag..*
*Rett til barnehageplass jamfør Barnehagelova § 12a.*

*Opptakskrins:*
*2 opptakskrinsar: Fastlandet*
*Vågsøya og øyane*

- FERIE/PLANLEGGINGSDAGAR

<u>Vedtektene slik dei er i dag:</u>

FERIE/PLANLEGGINGDAGAR
Barna har 5 veker ferie i løpet av barnehageåret, inkl. dei 5 planleggingsdagane. Barnehagen er feriestengt i veke 30, 31 og 32, to dagar i samband med jul og tre dagar i samband med påske. Feriestenginga presiserast i barnehageruta kvart år.

<u>Vedtektene etter endring:</u>

*FERIE/PLANLEGGINGDAGAR*
*Barna har 5 veker ferie i løpet av barnehageåret, inkl. 5 planleggingsdagar.*
*Barnehagen er feriestengt tre samanhengande veker om sommaren, to dagar i samband med jul og tre dagar i samband med påske. Feriestenginga presiserast i barnehageruta kvart år.*

- **FORELDREBETALING**

<u>Vedtektene slik dei er i dag:</u>

FORELDREBETALING
Foreldre/føresette betalar for 11 månadar i året. Juli er betalingsfri månad. Foreldre/føresette betalar fullt ut for den plass barnet har fått tildelt.

Betaling skal skje innan fastsett betalingsfrist. Betalinga blir kravd inn kvar månad på forskot. Dersom betalinga har stått til forfall i 2 månadar, vert barnet oppsagt frå plassen. Varsel om oppseiing av plassen vert sendt etter 1 månad.

Ved manglande betaling misser barnet plassen dersom det ikkje er betalt innan purrefrist. Kommunen vil likevel krevje inn pengane. Ved for sein eller manglande betaling gjeld lov om renter

ved forseinka betaling av 17.12.76 nr. 100 og endringslov til forseinkingsrentelova, samt inkassolova av 13.05.88 nr. 26 med tilsvarande forskrift til tvangsfullbyrdelseslova av 26.06.92 og endringslov til tvangsfullbyrdelseslova mv. av 17.06.05, og tilsvarande forskrifter. Vedtak etter 2. og 3. avsnitt kan påklagast (§§§ 27, 28 og 29 i Forvaltningslova). Oppvekst- og kulturutvalet er klageinstans.

Kommunestyret fastset opphaldstider og satsar for foreldrebetaling i tråd med gjeldande vedtak i Stortinget og etter forskrift om foreldrebetaling**.** Søskenmoderasjon er 30 % for barn nr 2, og 50 % for barn nr 3 og fleire. Dette gjeld òg om ein har søsken i private barnehagar. Foreldra må sjølve melde frå om dette til den kommunale barnehagen.

Ved delt foreldreansvar er begge foreldra ansvarlege for betaling av barnehageplassen

***Vedtektene etter endring:***

FORELDREBETALING
Foreldre/føresette betalar for 11 månadar i året. Juli er betalingsfri månad. Foreldre/føresette betalar fullt ut for den plass barnet har fått tildelt.

Barnehageplassen kan bli sagt opp ved misleghaldt betaling.
Ved for sein eller manglande betaling gjeld lov om renter ved forseinka betaling av 17.12.76 nr. 100 og endringslov til forseinkingsrentelova, samt inkassolova av 13.05.88 nr. 26, tvangsfullbyrdelseslova av 26.06.92 og endringslov til tvangsfullbyrdelseslova mv. av 23.01.15, og tilsvarande forskrifter. Vedtak etter 2. og 3. avsnitt kan påklagast (§§§ 27, 28 og 29 i Forvaltningslova). Oppvekst- og kulturutvalet er klageinstans.

Kommunestyret fastset opphaldstider og satsar for foreldrebetaling i tråd med gjeldande vedtak i Stortinget og etter forskrift om foreldrebetaling**.** Søskenmoderasjon er 30 % for barn nr 2, og 50 % for barn nr 3 og fleire. Dette gjeld òg om ein har søsken i private barnehagar. Foreldra må sjølve melde frå om dette til den kommunale barnehagen.

Ved delt foreldreansvar er begge foreldra ansvarlege for betaling av barnehageplassen.

## Vurdering / konsekvensar

- OPPTAK
  Vi finner det tenleg å vise til Barnehagelova i høve tal opptak og reglar for rett til barnehageplass då regelverket her skal endrast, men endå ikkje er klart. Ein treng då ikkje å revidere vedtektene etter kvar endring i regelverket.

  I høve endring av opptakskrins ser vi at dette, i større grad enn i dag, vil gje barn plass i «nærbarnehagen».

- FERIE/PLANLEGGINGSDAGAR
  Vi finner det tenleg å ta bort vekespesifiseringa i høve sommastengde barnehagar då vekenummer kan variere, med ei veke fram eller tilbake, frå år til år.

- FORELDREBETALING
  Regjeringa ved Torbjørn Røe Isaksen presiserer at skal barn miste barnehageplassen grunna misleghaldt foreldrebetaling, må misleghaldet vere vesentleg og en må i tillegg vurdere barnets beste jf. Grunnlova § 104 andre ledd og Barnekonvensjonen som er gjennomført i

norsk rett ved menneskerettsloven § 2 fjerde ledd. Ved å endre til «Barnehageplassen kan bli sagt opp ved misleghaldt betaling», kan ein vurdere kvar situasjon individuelt. Erfaring seier at det er vanskelig å drive inn manglande betaling for barnehageplass, det bør derfor stå at barnehageplassen kan bli sagt opp ved misleghald slik at ein ikkje tenker at plassen behaldast om ein betalar eller ikkje.

## Nye opplysninger i saken

## Saksutredning:

## Vurdering:

## Rådmannen si innstilling:
Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane i tråd med vedlagde dokument.

## 08.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Tenesteleiar i Holvik barnehage Line Hodnefjell orienterte og svarte på spørsmål.
Utvalet ber om å få tilsendt komplett reglement når dei er ferdige og vedtatt.

Utvalet ber om at administrasjonen opprettar ei sak om ferieopen barnehage til møtet i mai.

## Votering
Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-017/16
## Vedtak:
Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane i tråd med vedlagde dokument.

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 08.03.2016 | 018/16 |
| Kommunestyre | 07.04.2016 | |

| **Endeleg vedtak i:**<br>Oppvekst og kulturutvalet | **Arkivsaknr.:**<br>**16/325** | **Saksansvarleg:**<br>**Odd Gunnar Myhre** |
|---|---|---|

## Samarbeidsavtale mellom Vågsøy idrettsråd og Vågsøy kommune

## Rådmannen si innstilling
Vågsøy kommune inngår avtale om samarbeid med Vågsøy idrettsråd.

## 08.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Ingen merknad.

## Votering
Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-018/16
## Vedtak:
Vågsøy kommune inngår avtale om samarbeid med Vågsøy idrettsråd.

## Bakgrunn for saka

Vågsøy Idrettsråd har teke kontakt med Vågsøy kommune for å få på plass ei samarbeidsavtale mellom idrettsrådet og kommunen.

## Saksopplysningar / fakta

Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i kommunen som er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Sogn og Fjordane idrettskrins og underlagt NIF sine lover og reglar.

Desse lokale idrettslaga er tilslutta idrettsforbundet og er såleis representert gjennom idrettsrådet:

Almenning Idrettslag
Bryggja IL
Måløy Dykkerklubb
Måløy Frisbee Club
Måløy IL
Måløy Seilforening
Skavøypoll IL
Tornado Måløy Fotballklubb
Vågsøy Klatreklubb
Vågsøy Sportskyttarlag
Ytre Nordfjord Bueskytterklubb

Avtalen er basert på ei standaravtale som idrettskrinsen har utarbeidd. Det er teke ut eit punkt i frå forslaget til idrettskrinsen og det er eit punkt om at kommunen skal gje idrettsrådet eit årleg tilskot. Dette er teke ut i samråd med idrettsrådet då idrettsrådet har lite trong for driftsmidlar.

Avtalen følgjer kommunestyreperioden og skal fornyast ved neste kommuneval.

Avtalen har fire målsetjingar:
- Fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen
- Sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommune og idretten
- Klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventingar til samarbeidet
- Sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet

Avtalene ligg som vedlegg til saka.

## Vurdering / konsekvensar

Det har dei siste åra vore lite aktivitet i idrettsrådet men det er no eit engasjement for å få på plass eit meir aktivt idrettsråd. Denne avtala vil vere med på å formalisere samarbeidet mellom kommune og idrettsråd.

Rådmannen er positiv til at det vert inngått samarbeidsavtale mellom Vågsøy idrettsrådet og Vågsøy kommune.

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 185377 | Samarbeidsavtale kommune og idrettsråd.doc |